

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 12.10.2020

Handsaming i møte

Leiar i kontrollutvalet, dan Femoen, orienterte frå møte i kontrollutvalget i Bergen kommune han hadde vore med på.

Jostein Ljones (Sp) kom med slikt spørsmål gjeldande passering med motorsykkel og moped med ferje:

«Spørsmål til Skyttel om praksis ved betaling for passering med motorsykkel og moped med ferje etter innføring av autopass.

Betaling skjer i dag ved at det vert utstedt papirfaktura for kvar passering.

- *Er denne praksisen ein tilfredsstillande ressursbruk for Skyttel?*
- *Eksisterar det planar om elektronisk fakturering for passering med motorsykkel og moped?*
- *Kvífor er det ikkje mogeleg å registrera desse kjøretøya i autopassavtalen?»*

Kontrollutvalet ber om at desse 3 spørsmåla vert send til Skyttel AS med svarfrist til 11.11.2020 slik at det kan leggjast fram for utvalet i neste møte.

Etter dette vart det gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

1. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune ber Skyttel AS svara på desse 3 spørsmåla:
 - Er det tilfredsstillande ressursbruk for Skyttel å sende papirfaktura etter kvar passering for betaling på ferje for motorsykkel og moped?
 - Eksisterer det planar om elektronisk fakturering for passering med motorsykkel og moped?
 - Kvífor er det ikkje mogeleg å registrera desse kjøretøya i autopassavtalen?
2. Svaret vert å sende sekretariatet innan 11.11.2020 slik at det kan leggjast fram for kontrollutvalet i neste møte.